



Nasjonalparkstyret
for Reinheimen

Møteprotokoll

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Møtested: Teams

Dato: 09.12.2022

Tidspunkt: 09:00 - 11:00

Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Magnhild Vik	Medlem	
Mariann Skotte	Medlem	
Torbjørn Rødstøl	Medlem	
Bjarne Eiolf Holø	Nestleder	
Edel Kveen	Medlem	
Hans Kristian Enge	Medlem	
Inger Line Flydal	Medlem	
Live Langøygard	Medlem	
Per Magnus Berdal	Leder	

Øvrige frammøtte:

Navn

Kristine Sørli

[Nasjonalparkforvaltar](#)

Mari Melbø Rødstøl

[Nasjonalparkforvaltar](#)

Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Per Magnus Berdal

Hans Kristian Enge

Sign.

Sign.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 51/2022	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 52/2022	Referatsaker		
	Førehandsvurdering av overtredelsesgebyr Nml § 74 - ulovleg utkøyning og plassering av garnkasse ved fiskevatn i Reinheimen NP		2020/3413
	Reinheimen NP - dispensasjon - montering av overvåkingsutstyr - bakkeantennar - Asbjørnsdalen - Lesjaskog beitelag		2020/4844
	Søknad om løyve til å transportere inn og ut jervebåas på barmark med traktor ved Visdalssetra + tilsyn i lisensfellingsperiode med snøskuter		2022/11143
ST 53/2022	Delegerte saker		
DS 49/2022	Delegert sak - Reinheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel 2022 - 2026 - motorbåt i samband med garnfiske - Tor-Arne Bakken		2022/11035
ST 54/2022	Reinheimen NP - dispensasjon - ankerplassering på Trollveggen - 2022 - Rope Jump Project - VerticalVoid		2022/11053
ST 55/2022	Norsk Tindesenter som besøkssenter for Reinheimen Nasjonalpark		2022/11603
ST 56/2022	Kunnskapsinnhenting-tiltak som kan påvirke villreinens områdebruk i Reinheimen		2022/11795
ST 57/2022	Nasjonalparkstyret for Reinheimen - Driftsmidler - Informasjonsarbeid - 2023		2022/11779
ST 58/2022	Nasjonalparkstyret for Reinheimen - midler til tiltak i verneområder - driftsmidler - SNO ressurs - 2023		2022/11431
ST 59/2022	Orienteringar		

ST 51/2022 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 09.12.2022

Vedtak

Ingen merknader til innkalling og saksliste.
Hans Kristian Enge vart vald til å skrive under protokollen saman med styreleiar.

ST 52/2022 Referatsaker

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 09.12.2022

Vedtak

Referatsaker vart teke til orientering.

ST 53/2022 Delegerte saker

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 09.12.2022

Vedtak

Delegerte saker vart teke til orientering.

ST 54/2022 Reinheimen NP - dispensasjon - ankerplassering på Trollveggen - 2022 - Rope Jump Project - VerticalVoid

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 09.12.2022

Behandling

Samrøystes som innstillinga frå forvaltar.

Vedtak

Med heimel i verneforskrift for Reinheimen NP § 3 punkt 1.1 og naturmangfoldloven § 48, får VerticalVoid avslag på søknaden om å borre hol til ankerfeste for tau.

ST 55/2022 Norsk Tindesenter som besøkssenter for Reinheimen Nasjonalpark

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 09.12.2022

Behandling

Forslag i møtet om å endre ordlyden i vedtaket frå *veldig viktig informasjonspunkt* til viktig informasjonspunkt, for å få det meir formelt. Samrøystes som innstillinga frå forvaltar med endra ordlyd som foreslått.

Vedtak

Nasjonalparkstyret for Reinheimen støttar Norsk Tindesenter i søknaden om å bli autorisert besøkssenter nasjonalpark.

Besøkstrykket av naturbaserte turistar i og ved Åndalsnes er stort og Tindesenteret er eit viktig informasjonspunkt for nasjonalparkane på vestida av både Dovrefjell- Sundalsfjella og Reinheimen Nasjonalparkar. Forholda ligg også godt til rette for å få til eit enda nærare samarbeid mellom nasjonalparkforvaltninga og Norsk Tindesenter, da ein av dei to forvaltarane for Reinheimen NP er lokalisert med kontor på Norsk Tindesenter.

ST 56/2022 Kunnskapsinnhenting-tiltak som kan påverke villreinens områdebruk i Reinheimen

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 09.12.2022

Behandling

Samrøystes som innstillinga frå forvaltar.

Vedtak

Nasjonalparkstyret for Reinheimen Nasjonalpark ser behov for å betre kunnskapsgrunnlaget om villreinens områdebruk og påverking av menneskeleg ferdsel i Reinheimen, for å betre kunne ta gode avgjerse i forvaltninga av verneområdet. Det er difor viktig å melde inn behov for forskningsmidlar, til å foreta ein scenarieanalyse av fokusområda i 2023.

ST 57/2022 Nasjonalparkstyret for Reinheimen - Driftsmidler - Informasjonsarbeid - 2023

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 09.12.2022

Behandling

Samrøystes som innstillinga frå forvaltar.

Vedtak

Med bakgrunn i gjeldande vedtekter for nasjonalparkstyret for Reinheimen, pkt. 8.2 og 8.3, og intensjonsavtale med Norsk fjellsenter 18.03.19, ønskjer styret å melde inn kr.300 000,- i driftsmidler til budsjettposten 1420.31 for 2023.

Midlane skal inngå i eit spleiselag med Breheimen, Jotunheimen og Norsk fjellsenter for å dekke etablering av ei 100% stilling for kommunikasjonsarbeid som det er problematisk å kunne dekke innafor dagens budsjetttrammer.

Eit samarbeid mellom dei 3 verneområda og besøksenteret synest mest kostnadseffektivt, og kan også gje synergjar i form av meir samarbeid på tvers av vernegrenser. Gjennom eit samarbeid om kommunikasjonsoppgåver kan ein i større grad styre ferdsla mot robuste område som toler besøk, og skjærme sårbare område som t.d. vinterbeite og kalvingsområde for villrein.

ST 58/2022 Nasjonalparkstyret for Reinheimen - midler til tiltak i verneområder - driftsmidler - SNO ressurs - 2023

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 09.12.2022

Behandling

Styret foreslår i møtet at det også bes om ein ferdselstellar ved Tusshheim i Lesja. Forvaltarane skal ha med dette i bestillinga til ynskja SNO ressurs.

Samrøystes som innstillinga frå forvaltar med tillegg om tellar ved Tusshheim.

Vedtak

Nasjonalparkstyret for Reinheimen melder inn følgjande tiltak til budsjettposten 1420.31 - midler til tiltak 2023:

Namn	Tiltakstype	Verneområde	Beløp (eks.mva)
Nofence på geit	Skjøtsel- og /gjerding for bufe	Finndalen Ivo	70 000
Slått på Bjøknesetra	Slått og rydding	Lordalen Ivo	20 000
Horgheimsetra, Vermedalssetrene, Gravdehaug og Selen	Slått og inngjerding	Romsdalen Ivo	150 000
Muldalen	Utgreie tiltak for å ta vare på almeskogen. Samarbeid med NIBIO og SNO	Muldalen naturreservat	60 000
Slettvikane	Flytte og oppføre nye informasjonsskilt langs fv63, jf. Besøksstrategi. Rasteplass med do, parkering, info.skilt, revegetering av austsida	Trollstigen Ivo	700 000
Informasjonspunkt Tindesenteret	3 cortenståltavlar, blomsterkasser og benker. Lyspunkt og tilkobling til elektrisk anlegg.	Reinheimen np	250 000
Innfallspørt Trollveggen	Detaljprosjektering av tilrettelagt sti.	Romsdalen Ivo	200 000
Innfallspørt Kløvstien	Skred og flomrapport Skiltplan		300 000
Innfallspørt Kløvstien	Toalett og ny bru	Trollstigen Ivo	320 000
Drift av toalett og vedlikehold av Kløvstien	Ukentleg reinhald av toalett og påfyll av papir. Ettersjå at stikkrenner haldast opne før og etter nebør.	Trollstigen Ivo	30 000
Stikurs i samarbeid med SNO, Norsk fjellfestival, Rauma kommune Romsdal reiseliv og DNT-Romsdal.	Oppstart av årlig opplæring med dugnadsgjengene som har ansvar for stinettverket i Rauma.	Reinheimen np	50 000
Gjennomføring av informasjonstiltak, jf. Besøksstrategien	Vedlikehald innfallspørtar /infopunkt, trykking av nye plakatar og produksjon av skilt. Utsifting av skiltssystem i trå med besøksstrategi	Reinheimen np	300 000
Informasjonsarbeid mv	100% stilling, spleiselag med Jotunheimen, Breheimen og det autoriserte besøkscenteret	Reinheimen	300 000
4 Ferdsestellere, Billingen, Kløvstien, Asbjørnsdalen og Tussheim	Oppfølging Besøksstrategi	Reinheimen np	-
SUM			2 750 000

Nasjonalparkstyret for Reinheimen melder inn behov for midlar frå budsjettposten 1420.21, til få dekke nødvendige driftsutgifter:

- Drift av nasjonalparkstyret for 2023: Driftsmidlane til nasjonalparkstyret skal kunne dekke minimum 4 fysiske møter, synfaringer, elektroniske møte / møte i AU-Reinheimen, konferanser, evt. nasjonalparkkonferansen. Driftsbudsjettet skal også dekke minimum eitt møte med rådgjevande utval og administrativt fagutval, lokale møte i samband med skjøtselstiltak gjennomføring av tiltak i besøksstrategien.

- Brukerundersøkelse Reinheimen 2022: Finansiering av konsulenttenester til etterundersøking, analyse og rapport, jf. kontrakt med NINA i 2022: kr. 150 000,-
- Revisjon av forvaltningsplan, jf. vedtak om oppstart, sak 49/2022: kr. 50 000,-
- Scenarieanalyser for villrein i Reinheimen, sak 2022/11795 kr. 200 000,
- Sårbarhetsanalyse langs Kløvstien: kr. 40 000,-

Etter tildeling av budsjettmidler til Reinheimen i januar/februar, vil nasjonalparkstyret for Reinheimen behandle endeleg prioritering av tiltak for gjennomføring i 2023.

ST 59/2022 Orienteringar

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 09.12.2022

- Status og planer på Kløvstien.
- Møte med Nye veier som jobbar med alternativt trasevalg ved Monge- Flatmark.

Referatet frå rådgivande utval vart teke opp, der Mariann Skotte kommenterte at beitebruk og rovdyrproblematikken som vart nemd under møtet, ikkje var teke med i referatet. Forvaltar lagar eit nytt punkt i referatet der det står: *Det vart også kommentert jerveproblematikken ifht beitebruk i Reinheimen.* Nytt utkast til referat blir sendt utvalet.

Vedtak

Møteplan for nasjonalparkstyret fyrste halvdel av 2023:

- 15. feb. kl 14.00
- 31.mars kl 09
- 26-27 juni

Orienteringane vart teke til etterretning.